

## GISKESPELET



**REGISSØREN.** I 2007 hadde Paul Ottar Haga kongerolla i Giskespelet. I år er Haga regissør for første gong.

FOTO: STAALE WATTØ

På Giske får du vite litt meir om kva som skjedde i tida like før slaget på Stiklestad. Mellom anna fekk ein dramatisk barnefødsel store konsekvensar for heile landet.

### NÅR:

17.-19. juni.

### KVAR:

Giske Amfi på øya Giske, Giske kommune.

### KORLEIS KJEM EIN SEG DIT:

Gratis parkering ved Giske skule, deretter om lag sju minutt å gå. Småbåthamn like ved amfiet, der av- og påstiging er muleg.

### HISTORIKK:

Giskespelet starta i 1995, som eit skuleprosjekt i samband med tusenårsjubileet for kyrkja i Norge. Spelet vert arrangert annakvart år, i år er niande utgåva.

### HANDLING:

Spelet er bygd på det Snorre Sturlason fortel i saga om Olav den Heilage. Torberg Arneson frå Giske og brørne hans var kong Olav Haraldsson sine fremste menn og følgde han både i inn- og utland. Hovudpersonen i Giskespelet er Ragnhild Erlingsdotter, dronningmora og adelskvinna som etter kvart skulle setje tilhøvet mellom mannen Torberg og kongen på ei hard prøve.

### PROFESJONELLE SKODESPELARAR:

Nicolai Kleve Broch som kong Olav, Oskar Skulstad som Stein Skafteson.

### ANDRE HOVUDROLLER:

Ole Knut Giske som Finn Arneson, Atle Bonsaksen som Kalv Arneson, Fredrik Furnes som Arne Arneson, Olav Ståle Johansen som Torberg Arneson, Eli Grøtta Giske og Jannike Roaldsand som Ragnhild Erlingsdotter.

### NETTSIDER:

[www.giskespelet.no](http://www.giskespelet.no)



**PROFESJONELLE AMATØRAR.** Nicolai Cleve Broch (Olav Haraldsson) er ein av dei to profesjonelle skodespelarane som deltek i Giskespelet. Resten av rollelista består av over 150 «profesjonelle amatørar», som Arne Tunheim likar å omtale dugnadsgjengen.

FOTO: NIKOLAS B. FARSTAD



Eg trur Giskespelet har utruleg mykje å seie for lokalsamfunnet.

ARNE TUNHEIM

## KONG ARTHUR-SPELET



**FORTRYLLANDE.** Humor, ironi og mange lokale hendingar og uttrykk er med på å krydre forteljinga i Kong Arthur-spelet.

FOTO: INGRID ENDRESEN THORSETH

«Tøysespelet» på Sandsøya skil seg frå andre spel med sin heilt spesielle stil. Spelet dreier seg om segner frå 500-talet, men tek samtidig opp dagsaktuelle tema.

**NÅR:**  
13. og 14. august

**KVAR:**  
Kongsvollen på Sandshamn, Sande kommune.

**KORLEIS KJEM EIN SEG DIT:**  
Bil til Larsnes eller Åram og båt/ferje til Sandshamn.

**HISTORIKK:**  
Kong Arthur-spelet, som er Sande kommune sitt tusenårsprosjekt, vart sett opp for første gong i 2000. Dette er niande gongen at spelet vert sett opp.

**HANDLING:**  
Humorspel om den engelske segnkongen kong Arthur, som heldt til på Mørkysten med sete på Kongsvollen på Sandshamn. Enkelte delar av manuset endrar seg frå år til år og kombinerer gamle segn med nyare konflikter og problemstillingar.

**PROFESJONELLE SKODESPELARAR:**  
Wilhelm Støylen som kong Arthur.

**ANDRE HOVUDROLLER:**  
Janfrid G. Ristesund som Dondrå, Odd Kåre Wiik som Skakk, Arild Sande som Merlin, Marlen Hauge Knotten som Frid og Eilen Kvamme som Møyfrid.

**NETTSIDER:**  
[www.kong-arthur-spelet.no](http://www.kong-arthur-spelet.no)

## DEN STORE VIKINGDUGNADEN.

# Også denne sommaren gror hundrevis av sunnmøringar skjegg og reiser tusen år tilbake i tid.

**SPEL.** – Det er interessant å sjå at interessa for historie kjem fram igjen. Det vert spennande å kunne noko om denne tida, fortel Arne Tunheim. Han var lærar ved Giske skule då det første Giskespelet vart arrangert i 1995. Tunheim tok seg fri året i førevegen for å studere formidling av historie og museums-pedagogikk. Sidan då har godøyingen vore ei av eldsjelene bak spelet på naboøya, i dag er han styreleiar og dagleg leiar i Stiftinga Giskespelet.

– Eg trur Giskespelet har utruleg mykje å seie for lokalsamfunnet. Det samlar generasjonane på tvers. Det samlar alle ulike grupper og gir noko felles å snakke om og noko felles å jobbe for, seier Tunheim.

– Det byggjer identitet, dette er noko å vere å stolte over og har blitt eit viktig fyrstærn både for Giske kommune og regionen.


**Fleire generasjonar.** I Norge er det kvart år mellom 100 og 140 histo-

riske spel, kan Idar Lind fortelje. Han er nettredaktør for spelhandboka.no, som mellom anna har oversikt over alle dei ulike spela i landet. Lind, som er forfattar av yrke, har også skrive fleire spel sjølv og har god oversikt over kva som skjer rundt omkring på bygdene.

– Dei få forsøka som ikkje har hatt utspring i eit lokalmiljø, har hatt vanskeleg for å lykkast. Min påstand er at spela har i stor grad tatt over for den gamle ungdomslagstradisjonen, seier Lind til Sunnmørsposten.

– Spela fyller den same tradisjonen, og det er av dei få arenaene i Norge i dag der du kan ha tre generasjonar frå same familie på den same aktiviteten.

**Stiklestad størst.** På Sunnmøre vert det arrangert tre spel i år; Giskespelet, Herøyspelet og Kong Arthur-spelet. I heile Møre og Romsdal er det seks spel, eit beskjedent tal samanlikna med trøndelagsfylka. Til saman er det rundt 30 aktive spel i



**ELDSJEL.** Arne Tunheim har vore sentral i utviklinga av Giskespelet. Han er likevel oppteken av å understreke at spelet ikkje hadde vore muleg utan solid dugnadsinnsats frå folket på Giske.

FOTO: HELENE HOVDEN HAREIDE

Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag. – Stiklestad står i ei særstilling, det er det største både når det gjeld publikumsmessig og kontinuitet. Men det er også fleire andre store spel som har bygd seg opp dei siste åra i Trøndelag, mellom anna «Elden på Røros», fortel Idar Lind.

**Historie og diktning.** Dei fleste spela i Norge har ei oppdikta historie, basert på historiske fakta.

– Stiklestad-spelet byggjer på Snorre, men sjølve historia er oppdikta, forklarar Lind.

– Men der også har du heile spekteret, frå dei som prøvar å vere historisk korrekte til dei som diktar fritt og set det i ei historisk setting. Kong Arthur-spelet er jo på ein måte ein parodi på eit spel, men samtidig er det ein revy om aktuelle hendingar.

**Dugnadsprosjekt.** Dugnad er eit nøkkelord for dei aller fleste historiske spela i Norge.

>>



Det er interessant å sjå at interessa for historie kjem fram igjen

ARNE TUNHEIM



## HERØYSPELET «KONGENS RING»



**HEILAG-OLAV.** Olav Haraldsson er sentral i fleire av dei norske spela.  
FOTO: NILS HARALD ÅNSTAD

For 20. gong arrangerast det som truleg er den største årlege kulturdugnaden på søre Sunnmøre. Kring 150 frivillige og 200 skodespelarar står bak storspelet i Herøy.

**NÅR:**  
2. og 3. juli.

**KVAR:**  
Herøy Amfi ved Herøy Gard, Herøy kommune.

**KORLEIS KJEM EIN SEG DIT:**  
Gratis parkering og skyttelbussar

frå Stokksund skule og Lanteren Marina, samt gratis skyttelbåtar frå Eggesbønes.

**HISTORIKK:**  
Herøyspelet starta i 1992 og går kvart år. Heilt sidan starten har kjende norske skodespelarar hatt roller i spelet, mellom andre har Helge Jordal, Karoline Krüger og Agnes Kittelsen vore med.

**HANDLING:**  
Vikingmusikal der musikken og songen er sentral. Hendinga går føre seg i 1027, då kong Olav Ha-

raldsson vitja øya. Hovdingdottera Unn er lova bort til ein festarmann, men har forelska seg i ein annan – som i tillegg er uven både med folket på Herøy og kongen. Historia er spunne kring tema som kjærleik, sjalusi, hemn, generasjonskonfliktar og truspsørsmål.

**PROFESJONELLE SKODESPELARAR:**  
Kjersti Botn Sandal som Unn den fagre, Jon Bleiklie Devik som Karl Mørske, Frode Bjørøy som Ingolv Ynda, Øyvind Lied som Herøy-

hovdingen, Hedvig Garshol som Inga, Nina E. Bøe som kjerring Bråte, Bjørn W. Andersen som Fe den synske.

**ANDRE HOVUDROLLER:**  
Bjørn Holum som Forteljaren, Roar Skoglund som bisp Grimkjell, Joakim Eiksund som Edmund Munk, Sigurd Nygård som Bjørn Stallar og Morten F. Gusdal som Batolf.

**NETTSIDER:**  
[www.heroysspelet.no](http://www.heroysspelet.no)



**FRUA OG KONGEN.** I år, som i 2009, kan vi få sjå Jannike Roaldsand og Nicolai Cleve Broch som husfrua Ragnhild og Olav Haraldsson i Giskespelet. FOTO: HELENE HOVDEN HAREIDE

Arne Tunheim kan stolt fortelje at det ikkje er vanskeleg å få folk til å ofre av fritida si for Giskespelet.

– Det har vore imponerande lett og kjekt. Vi har mellom anna bygd opp eit millionanlegg på dugnad. Gruppene lagar tusenvis av skillingsbollar til øvingane, det vert laga og fiksa drakter, rekvisita vert laga, det vert organisert parkering. Det som er så fantastisk, er at det er ein gjeng med entusiastar som du kan delegerer til. Så vert jobben gjort. Eg prøver berre å samle trådane, det er eit fantastisk dugnadsprosjekt!

**Nye detaljar.** I år har Giskespelet fått ny regissør. Paul Ottar Haga har tidlegare hatt dei fleste rollene i Stiklestad-spelet, han har vore konge på Giske og skal no ha kontroll på mellom 150 og 170 aktørar. Haga har varsla ein del endringar i spelet, mellom anna debuterer 20-åringen Fredrik Furnes i rolla som Arne Arneson, den yngste av Arne-sønene.

– Det blir ein del nye og spenn-

ande detaljar. Folk har noko interessant i vente, seier Arne Tunheim og smiler lurt.

**Reiselivsprodukt.** Fram til no har Giskespelet vore arrangert kvart andre år.

– Vi har lovd Giske-folket at dei skal få ferie annakvart år, ler Tunheim. Han er likevel ikkje heilt avvisande til årlege framsyningar i Giske Amfi.

– Dette er sånt som ein må finne ut etter kvart. Kanskje om vi får ein profesjonell dagleg leiar som kan drage lasset? Uansett ønskjer vi å utvikle eit reiselivsprodukt, ungdomsteater og andre aktivitetar som kan vere meir enn berre denne veka. Men vi er stolte av det vi har fått til så langt og trur det blir fulle hus i år også!

NILS-OVE STØBAKK  
nos@smp.no



**SKULEARBEID.** Barneskulen på Giske brukar Giskespelet som ein del av historieundervisninga. Mellom anna har elevane ei heil vikingveke på våren, i tillegg til sjølve deltakinga i spelet.

FOTO: STAAL WATTØ



Spela har i stor grad tatt over for den gamle ungdomslagstradisjonen

IDAR LIND



## HJØRUNGAVÅGSPELET PÅ VENT



**HUMOR.** Fe den synske og kjerring Bråte er eitt av dei lystige innslaga i Herøyspelet.

FOTO: NILS HARALD ÅNSTAD

«Maktkamp ved Hjørungavåg» vart arrangert elleve gongar frå 1986 til 2006, men dei siste åra har det vore dårleg med vikingkriging i bygda.

– Spelet har ikkje slutta. Vi ventar på å få avklaring på ny speleplass på Overåsanden, forklarar Sten Øvreid, leiar for Hjørungavågspelet. Han og dei andre eldsjelene ventar på ei avklaring frå fylkesarkeologen, før dei kan få klarsignal til omregulering og utbygging.

– Vi er på hogget enno og vil gjerne få til dette. Viss vi får til det vi har planlagt, blir det vel-

dig bra, med mellom anna langhus, fortel Øvreid.

I fjor var det vikingmarknad i regi av Hjørungavågspelet, noko som vart rekna som ein suksess.

– Ungane såg ut til å kose seg, vi får tru at det er eit godt grunnlag for rekruttering, seier Sten Øvreid.



**OFFER.** Hjørungavågspelet har hatt pause i nokre år, men arrangørane håper på meir dramatik i framtida. Her frå 2006-utgåva av spelet. Bildet viser Ole Frank Bakken som Håkon Jarl som har ofra Lisje-Erling (Kristian Smoge) for å vinne slaget ved Hjørungavåg. FOTO: ANDRÉ PEDERSEN



**PRESTEN OG PRESTEN.** Ikkje alle er heilt seg sjølve når dei er i vikingtida. Her får sokneprest André Sjøvåg (i rolla som sjåaren Vidfinn) ei kraftig formaning frå den vanlegvis så muntre bussjåføren Alf Gunnar Sleveland (presten Sira Einride). FOTO: STAALE WATTØ



Vi er stolte av det vi har fått til så langt og trur det blir fulle hus i år også

ARNE TUNHEIM